



Innst. 393 S

(2011–2012)

Innstilling til Stortinget fra arbeids- og sosialkomiteen

Prop. 125 S (2011–2012)

Innstilling frå arbeids- og sosialkomiteen om tilleggsøyvingar som følgje av reguleringa av grunnbeløpet og pensjonar i folketrygda mv. frå 1. mai 2012

Til Stortinget

1. Sammendrag

1.1 Innleiing

Det blir i proposisjonen fremja framlegg om å auke løyvingar på statsbudsjettet for 2012 som følgje av reguleringa av grunnbeløpet (G) og pensjonar i folketrygda og i visse andre pensjonsordningar frå 1. mai 2012.

Det vises til forskrift fastsett ved kongeleg resolusjon 25. mai 2012 om grunnbeløp, reguleringsfaktorer og satser for minste pensjonsnivå frå 1. mai 2012.

Grunnbeløpet er auka med 3,67 pst., frå 79 216 kroner til 82 122 kroner frå 1. mai. Uføre pensjonistar og andre som får pensjonar og ytingar regulerte gjennom endringar i grunnbeløpet får dermed ein tilsvarende auke frå same dato. Alderspensjon under opp-tening blir også oppregulert med 3,67 pst.

Alderspensjon under utbetaling blir regulert med lønnsauken på 3,67 pst. og deretter fråtrekt 0,75 pst., som inneber at alderspensjonistar får auka pensjonen med 2,89 pst. frå 1. mai 2012.

Satsane for minste pensjonsnivå for alderspensjonistar er auka med lønnsauken på 3,67 pst. og deretter justerte for effekten av levealdersjustering, noko som inneber at satsane er auka med 3,16 pst. Satsane er frå 1. mai 2012 sette til 129 294 kroner for låg sats, 150 425 kroner for ordinær sats, 162 615 kroner for høg sats og 243 935 kroner for særskilt sats.

Meirutgiftene for 2012 som følgje av reguleringa av grunnbeløpet og pensjonar blir om lag 5 825 mill. kroner.

Prop. 111 S (2011–2012) er nytta som som utgangspunkt i vedtaksdelen i proposisjonen som ble fremja.

Det vises til proposisjonens kapittel 3 der det er nærare gjort greie for utviklinga i grunnbeløpet og lønner dei seinere åra.

Skattereglane for pensjonistar blei endra frå 1. januar 2011, og det vises til proposisjonens kapittel 4 der det er nærare gjort greie for skattereglane for pensjonistar i 2012 når det gjeld

- Særskilde reglar for AFP- og alderspensjonistar
- Særskilde reglar for uføre
- Minstefrådraget for pensjonsinntekter
- Trygdeavgift

Det til proposisjonens kapittel 5 og 6 der det nærare er gjort greie for

- Pensjonar og ytingar frå folketrygda
- Pensjonar mv. frå Statens Pensjonskasse
- Avtalefesta pensjon i privat sektor
- Pensjonstrygda for sjømenn
- Krigspensjonering
- Supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg

1.2 Nærare om reguleringa

Reglane for regulering

Reglane for regulering av pensjonar i folketrygda går fram av folketrygdlova §§ 1-4 og 19-14 og forskrift 6. mai 2011 nr. 465, seinast endra med verknad frå 1. mai 2012. Alderspensjon under utbetaling blir regulert i samsvar med lønnsauken og deretter frå-

trekt 0,75 pst. Satsane for minste pensjonsnivå blir regulerte i samsvar med lønnsauken og deretter justerte for effekten av levealdersjusteringa for 67-åringar i reguleringsåret. Grunnbeløpet og alderspensjon under opptening blir regulerte i samsvar med lønnsauken. Uførepensjon og andre ytingar som blir regulerte i tråd med endringar i grunnbeløpet, blir dermed regulerte i samsvar med lønnsauken. Tilsvarende reglar gjeld i andre pensjonsordningar.

Det blir i proposisjonens kapittel 1.2 gjort greie for hva som ligg til grunn for reguleringa.

Drøftingar med organisasjonane

Grunnlaget for reguleringa har vore drøfta med Pensjonistforbundet, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon, Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjonar, Landsorganisasjonen i Norge, Unio, Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund og Akademikerne.

Det blir lagt til grunn ein venta lønnsauke på 3,75 pst. i 2012. I trygdeoppgjeret 2011 blei det lagt til grunn ein venta lønnsauke på 3,9 pst. Faktisk lønnsauke for 2011 er anslått til 4,2 pst. (Det tekniske berekningsutvalet 30. mars 2012). Partane er samde om at det ligg føre eit avvik på 0,3 prosentpoeng for 2011. I trygdeoppgjeret 2011 blei det lagt til grunn ein faktisk lønnsauke på 3,75 pst. i 2010. Faktisk lønnsauke for 2010 er (Det tekniske berekningsutvalet) nå berekna til 3,7 pst. Partane er samde om at det ligg føre eit avvik på 0,05 prosentpoeng for 2010.

Reguleringa av grunnbeløpet, pensjonane og satsane for minste pensjonsnivå frå 1. mai 2012

Når det er avvik dei to siste åra, skal det først takast omsyn til avvika og deretter til den venta prosentvise lønnsauken i inneverande år. Den samla årlege lønnsauken er på denne bakgrunnen fastsett til 4,01 pst.

Reguleringa av grunnbeløpet skjer med verknad frå 1. mai. Det nye grunnbeløpet frå 1. mai 2012 skal dermed fastsetjast slik at den prosentvise auken i det gjennomsnittlege grunnbeløpet frå 2011 til 2012 blir lik den samla årlege lønnsauken. Det gjennomsnittlege grunnbeløpet auka med 4,01 pst. frå 2011 (78 024 kroner) til 2012 (81 153 kroner). Nytt grunnbeløp frå 1. mai 2012 er fastsett til 82 122 kroner. Den prosentvise auken i grunnbeløpet frå 79 216 kroner til 82 122 kroner frå 1. mai 2012 er 3,67 pst. Det inneber at uførepensjonistar og andre som får pensjonar og ytingar regulerte gjennom endringar i grunnbeløpet, får ein tilsvarende auke frå same dato. Alderspensjon under opptening blir også oppregulert med 3,67 pst.

Alderspensjon under utbetaling blir regulert med lønnsauken og deretter fråtrekt 0,75 pst. Pensjonen blir først oppregulert med 3,67 pst. og frå denne sum-

men blir det fråtrekt 0,75 pst. Dette inneber at alderspensjonistar får auka pensjonen med 2,89 pst. frå 1. mai 2012.

Satsane for minste pensjonsnivå for alderspensjonistar er auka frå 1. mai 2012 med lønnsauken på 3,67 pst. Deretter blir satsane justerte for effekten av levealdersjusteringa for 67-åringar. Dette skjer ved å multiplisere med forholdstalet i 2011 på 1,005 og dividere med forholdstalet i 2012 på 1,010. Dette inneber at satsane er auka med 3,16 pst.

Satsane er frå 1. mai 2012 sette til 129 294 kroner for låg sats, 150 425 kroner for ordinær sats, 162 615 kroner for høg sats og 243 935 kroner for særskilt sats. Når det gjeld kva satsar ein har rett til, viser det til folketrygdlova § 19-8.

2. Komiteens behandling

Frabeløpene i forslag til vedtak i Prop. 125 S (2011–2012) er basert på tidlegare budsjettvedtak i Stortinget, samt forslag regjeringa har fremmet i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett i Prop. 111 S (2011–2012) m.fl. Dette er i tråd med tidlegare års praksis.

Stortinget har imidlertid en annen rekkefølge i behandlingen av revidert nasjonalbudsjett enn regjeringa siden denne behandles som siste sak i stortingssesjonen. Det betyr at Prop 125 S (2011–2012) behandles i Stortinget før Prop. 111 S (2011–2012), jf. Innst. 375 S (2011–2012). For å ta hensyn til dette er til- og frabeløpene i innstillingen til Prop. 125 S (2011–2012) korrigert for de postene hvor det er foreslått endringer også i Prop. 111 S (2011–2012).

3. Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Tove Linnea Brandvik, Thor Erik Forsberg, Steinar Gullvåg, Kari Henriksen og Thor Lillehovde, fra Fremskrittspartiet, lederen Robert Eriksson, Vigdis Giltun og Laila Marie Reiertsen, fra Høyre, Sylvi Graham og Torbjørn Røe Isaksen, fra Sosialistisk Venstreparti, Frøydis Elisabeth Sund, fra Senterpartiet, Arne Bergsvåg, og fra Kristelig Folkeparti, Kjell Ingolf Ropstad, viser til behandlingen av Ot.prp. nr. 37 (2008–2009) Lov om endringer i folketrygdloven (ny alderspensjon), jf. Innst. O. nr. 67 (2008–2009) der flertallet, alle unntatt Fremskrittspartiets medlemmer, støttet regjeringens forslag til ny regulering av grunnbeløpet i folketrygden og løpende pensjoner.

Komiteen har merket seg at til grunn for reguleringen ligger ventet lønnsøkning i reguleringsåret, justert for eventuelle avvik mellom ventet og faktisk

lønnsøkning de siste to årene. Komiteen viser i den forbindelse til behandlingen av Prop. 72 L (2011–2012) Endringer i folketrygdloven, jf. Innst. 252 L (2011–2012).

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, konstaterer at reguleringen av grunnbeløpet i folketrygden og løpende pensjoner er foretatt i tråd med Stortingets vedtak. Etter at løpende alderspensjoner er oppregulert med lønnsveksten, gjøres et fratrukk på 0,75 pst.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet viser til at endringene medførte at ansvaret for å gjennomføre den årlige reguleringen av grunnbeløpet ble overført fra Stortinget til regjeringen gjennom forskrift og at løpende pensjoner årlig blir underregulert med 0,75 pst. i forhold til lønnsveksten. På grunn av beregningsmåten, der reduksjonen med 0,75 pst. først blir gjennomført etter tillegg av den årlige økningen, blir underreguleringen større enn 0,75 pst. For 2011 var reduksjonen på 0,79 pst.

Komiteen viser til at grunnlaget for reguleringen har vært drøftet med Pensjonistforbundet, Funksjonshemmedes Fellesforbund, Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner, Landsorganisasjonen i Norge, Unio, Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund og Akademikerne. Ifølge protokollene fra møtene mellom organisasjonene og staten fra henholdsvis 24. april 2012 og 15. og 16. mai 2012 kom partene til enighet i samsvar med innholdet i Prop. 125 S (2011–2012). Protokollene inneholder ingen avvikende syn, eller uenighet mellom partene, på noe punkt.

Partene er enige om at det foreligger et avvik på 0,3 pst. for 2011 i forhold til anslått avvik på 3,9 pst. i revidert nasjonalbudsjett og et avvik på 0,05 pst. i 2010 i forhold til de 3,75 pst. som ble lagt til grunn i trygdeoppgjøret i 2011. Komiteen viser til at når det er avvik de to siste årene, skal det først tas hensyn til avvikene og deretter til den prosentvise, forventede lønnsøkningen i inneværende år. Den gjennomsnittlige økningen i grunnbeløpet fra 2011 til 2012 er på 4,01 pst., mens økningen av grunnbeløpet i forhold til grunnbeløpet pr. 30. april 2012 er på 3,67 pst.

Komiteen har merket seg at grunnbeløpet er økt fra 79 216 kroner til 82 122 kroner fra 1. mai 2012. Det vil si 3,67 pst. Uførepensjonister og andre som mottar ytelser som er regulert gjennom endringer i grunnbeløpet, får sine ytelser oppregulert med 3,67 pst. fra samme dato.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, viser til at alderspensjon

under opptjening får samme utvikling, mens pensjoner under utbetaling blir regulert med 3,67 pst. og deretter fratrukket 0,75 pst. Dette innebærer at alderspensjonistene får økt sin pensjon med 2,89 pst. fra 1. mai 2012.

Flertallet viser også til at satsene for minste pensjonsnivå for alderspensjonister er økt med 3,67 pst. fra 1. mai. Deretter blir satsene justert for effekten av levealderjusteringen for 67-åringene. Dette innebærer at satsene for minste pensjonsnivå er økt med 3,16 pst., hvilket innebærer at satsene fra 1. mai 2012 settes til 129 294 kroner for lav sats, 150 425 kroner for ordinær sats, 162 615 kroner for høy sats og 243 935 kroner for særskilt sats.

Flertallet har ellers ingen merknader og slutter seg til regjeringens proposisjon.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet viser til at alderspensjon under opptjening får samme utvikling, mens løpende pensjoner blir oppregulert med 3,67 pst. og deretter et fradrag 0,78 pst. Disse medlemmer peker på at fradraget blir høyere enn de vedtatte 0,75 pst. fordi fradraget gjøres etter at 3,67 pst. er lagt til – noe som innebærer at også den årlige økning blir utsatt for fradrag og bidrar til at samlet fradrag blir høyere enn 0,75 pst. Disse medlemmer merker seg at løpende pensjoner får et tillegg på 2,89 pst. – 0,78 pst. lavere enn lønnsinntekter.

Disse medlemmer viser til regelverket som gjelder den årlige regulering av grunnbeløpet i folketrygden, de ytelser som er basert på grunnbeløpet samt alderspensjoner og som ble vedtatt av stortingsflertallet, alle bortsett fra Fremskrittspartiets representanter, ved behandlingen av Ot.prp. nr. 37 (2010–2011).

Disse medlemmer er fremdeles av den oppfatning at den årlige underreguleringen av løpende pensjoner i forhold til lønnsinntekter er et inngrep som vil føre til at pensjonister hvert år får en stadig økende reduksjon av sin kjøpekraft i forhold til lønsmottagere. Også i forhold til uførepensjonister og brukere av andre trygdeytelser vil løpende pensjoner komme stadig dårligere ut. Det er et paradoks, slik disse medlemmer ser det, at kjøpekraftutviklingen nå er bedre for uførepensjonister enn for alderspensjonister.

Disse medlemmer registrerer at stortingsflertallet har vedtatt en årlig underregulering av løpende pensjoner med 0,75 pst., men at beregningsmåten fører til at den reelle underregulering i 2011 var på 0,79 pst., og i 2012, ifølge grunnlagstallene i Prop. 125 S (2011–2012), vil den være på 0,78 pst.

Disse medlemmer aksepterer ikke en stadig økende redusert kjøpekraft for pensjonister i forhold til lønsmottagere, og andre mottagere av trygdeytel-

ser, og vil derfor fremme forslag om å fjerne fratrek-
ket på 0,75 pst. slik at løpende pensjoner reguleres
likt med lønnsinntekter.

Av protokollene fra statens møter med pensjonis-
tenes organisasjoner 24. april og 15. og 16. mai 2012
fremgår det at det er enighet mellom partene om årets
regulering av grunnbeløp, ytelser og pensjoner.
Disse medlemmer finner det underlig at særlig
Pensjonistforbundet, som ved tidligere anledninger,
og i møter med Fremskrittspartiets sosialfraksjon i
Stortinget, har gitt uttrykk for krav om fjerning av
underreguleringen på 0,75 pst. av løpende pensjoner
og avkortingen av grunnpensjonen til gifte/sambo-
ende pensjonister, uten dissens godtar departemen-
tets forslag til regulering av pensjoner, slik det frem-
går av protokollene fra møtene med staten om «tryg-
deoppjøret».

Disse medlemmer viser for øvrig til sine
merknader i Innst. 402 S (2010–2011) der disse
medlemmer peker på trygdeavgiftsøkningen og
omfordelingen av midler innenfor pensjonistgrup-
pen, skatteøkningen for enkelte grupper pensjonister
som sammen med den årlige underreguleringen av

løpende pensjoner på i overkant av 0,75 pst. vil føre
til en uforutsett forringelse av pensjonistenes økono-
miske kår. Disse medlemmer anser fremdeles
dette for å være en urettferdig, uforutsigbar og uhel-
dig utvikling for landets pensjonister.

Disse medlemmer fremmer på denne bak-
grunn følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen foreta de nødvendige
endringer i regelverket slik at løpende pensjoner
reguleres likt med lønnsutviklingen uten fradrag av
0,75 pst. fra 1. mai 2012.»

4. Forslag fra mindretall

Forslag fra Fremskrittspartiet:

Forslag 1

Stortinget ber regjeringen foreta de nødvendige
endringer i regelverket slik at løpende pensjoner
reguleres likt med lønnsutviklingen uten fradrag av
0,75 pst. fra 1. mai 2012.

5. Komiteens tilråding

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

I

Arbeidsdepartementet får fullmakt til å regulere pensjonar av statskassa på same måten som for statspen-
sjonistar.

II

I statsbudsjettet for 2012 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
Utgifter			
611		Pensjonar av statskassa	
	1	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	400 000
		frå kr 19 100 000 til kr 19 500 000	
612		Tilskott til Statens pensjonskasse	
	1	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	412 000 000
		frå kr 9 500 000 000 til kr 9 912 000 000	
	70	For andre medlemmer av Statens pensjonskasse, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	5 000 000
		frå kr 106 000 000 til kr 111 000 000	
615		Yrkesskadeforsikring	
	1	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	1 000 000
		frå kr 79 000 000 til 80 000 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
616		Gruppelivsforsikring	
	1	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 157 000 000 til kr 161 000 000	<u>4 000 000</u>
660		Krigspensjon	
	70	Tilskott, militære, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 165 000 000 til kr 168 000 000	<u>3 000 000</u>
	71	Tilskott, sivile, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 415 000 000 til kr 423 000 000	<u>8 000 000</u>
664		Pensjonstrygda for sjømenn	
	70	Tilskott, blir auka med frå kr 311 672 000 til kr 317 672 000	<u>6 000 000</u>
666		Avtalefesta pensjon	
	70	Tilskott, blir auka med frå kr 1 940 000 000 til kr 1 974 000 000	<u>34 000 000</u>
667		Supplerande stønad til personar over 67 år	
	70	Tilskott, blir auka med frå kr 398 000 000 til kr 406 000 000	<u>8 000 000</u>
2620		Stønad til einsleg mor eller far	
	70	Overgangsstønad, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 2 482 000 000 til kr 2 543 000 000	<u>61 000 000</u>
2651		Ytingar under arbeidsavklaring	
	70	Arbeidsavklaringspengar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 34 685 000 000 til kr 35 534 000 000	<u>849 000 000</u>
2655		Uførheit	
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 21 965 000 000 til kr 22 509 000 000	<u>544 000 000</u>
	71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 34 390 000 000 til kr 35 238 000 000	<u>848 000 000</u>
	72	Særtilllegg, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 2 180 000 000 til kr 2 233 000 000	<u>53 000 000</u>
	76	Yrkesskadetrygd, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 80 000 000 til kr 82 000 000	<u>2 000 000</u>
2670		Alderdom	
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 50 860 000 000 til kr 51 878 000 000	<u>1 018 000 000</u>
	71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 89 200 000 000 til kr 90 994 000 000	<u>1 794 000 000</u>
	73	Særtilllegg, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 5 950 000 000 til kr 6 065 000 000	<u>115 000 000</u>
2680		Ytingar til gjenlevande ektefellar	
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 1 315 000 000 til kr 1 346 000 000	<u>31 000 000</u>
	71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 1 095 000 000 til kr 1 121 000 000	<u>26 000 000</u>

Kap.	Post	Formål	Kroner
	72	Særtilllegg, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 108 000 000 til kr 111 000 000	3 000 000

Oslo, i arbeids- og sosialkomiteen, den 11. juni 2012

Robert Eriksson

leder og ordfører

